

NYHENDEBREV NR 5/2017, 2. JUNI 2017.

Høgskulen i Volda: Kompetanse for framtida

HØGSKULESTYRET: HØGSKULEN I VOLDAS FOU-PRIS TIL UNG PROFESSOR

Professor Tor Arne Haugen har fått Høgskulen i Voldas FoU-pris for 2017. Haugen oppnådd professorkompetanse i 2015 i ein alder av 35 år og er høgskulens desidert yngste professor. Haugen er tilsett som professor ved Institutt for språk og litteratur. Han er også leiar for Norsk forening for kognitiv lingvistikk (NORKOG).

Haugen er språkforskar og av hans siste publiseringar ser vi at han har skrive om "pannekakesetningar", valenskonstruksjonar og språkhandlingar. Her er Tor Arne Haugens publiseringar (Cristin):

<https://www.cristin.no/as/WebObjects/cristin.woa/wa/fres?sort=ar&pnr=461&la=no&action=sok>

Les meir om kvifor prisen har vorte tildelt Tor Arne Haugen:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5871&module=news>

FoU-prisen blir delt ut av styret ved Høgskulen i Volda og går til personar eller miljø som har gjort ein markert innsats på FoU-område som er strategisk viktige for høgskulen. Her er tidlegare vinnarar av FoU-prisen:

http://www.hivolda.no/hivolda/forskning-og-utvikling/fou_pris

SEMINAR OM SPESIALUNDERVISNING: INNHOLD OG FUNKSJON – HVO 13. JUNI

Det fleirårige SPEED-prosjektet om spesialundervisning held seminar på Høgskulen i Volda 13. juni 2017. Professor Peder Haug har vore prosjektleiar for Speed. Ei rekkje forskarar tilknytte prosjektet vil halde innlegg og formidle resultat frå prosjektet. I tillegg til forskarar frå Høgskulen i Volda bidreg også forskarar frå Høgskolen i Innlandet, BI og Aarhus Universitet i Danmark. Det blir også innlegg om spesialundervisning frå Ålesund og Lillehammer kommunar. Her er program for seminaret:

<http://www.hivolda.no/hivolda/kurs-og-oppdrag/konferansar-og-seminar/speed-seminar>

Les meir om Speed-prosjektet på nettsidene til forskingsgruppa:

<http://www.hivolda.no/hivolda/forskning-og-utvikling/forskningsprosjekt/nasjonalt-finansierte-prosjekt/speed-prosjektet/speed-prosjektet>

150 ELEVAR SKAL GI IDEAR TIL NYBYGGINGSPROSJEKT

På Innovasjonscamp 2017 vil 150 elevar frå Volda vidaregåande skule delta. Oppgåvene deira blir å utvikle gode idear til dei to aktuelle byggeprosjekta på høgskuleområdet: Sivert Aarflot-huset og Volda campus arena. Innovasjonscampen blir arrangert 12.-13. juni. Innovasjonscampen er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Volda vidaregåande skule, Volda kommune, Studentsamskipnaden i Volda og Ungt entreprenørskap Møre og Romsdal. Les meir om arrangementet her:

<http://www.hivolda.no/hivolda/studietilbod/rettleiing-og-karriere/innovasjonscamp-2017>

HØGSKULESTYRET: SAMLING AV MEDIEFAGA I VOLDA

Høgskulestyret har vedteke at utdanningane i mediefag frå 1. januar 2018 skal samlast i Avdeling for mediefag. I fleire år har også Avdeling for kulturfag hatt eit veksande fagmiljø i mediefag og har blant anna to bachelor-grader i Media, IKT og design. Dei tilsette ved Avdeling for kulturfag vil flytte over til Ivar Aasen-huset etter ei mindre ombygging. Først når det nye huset Sivert Aarflot-huset står ferdig i 2020 vil det meste av mediefaga vere samla under eitt tak.

HØGSKULESTYRET: NY AVDELINGSSTRUKTUR?

Høgskulestyret ønskjer å få vurdert avdelingsstrukturen ved Høgskulen i Volda. Dei siste 10 åra har Høgskulen i Volda hatt fire avdelingar: Avdeling for kulturfag, avdeling for mediefag, avdeling humanistiske fag og lærarutdanning og avdeling for samfunnsfag og historie. På styremøtet 1. juni 2017 vart det bestemt at rektor skal sette ned ei arbeidsgruppe som vurderer avdelingsstrukturen og kjem med sluttrapport i juni 2018. Avdelingane, fellesadministrasjonen, fagforeningane og studentane vil bli representerte i arbeidsgruppa.

HØGSKULESTYRET: PROFESSOR II FRÅ ULSTEIN

Professor Sigrun Ertesvåg har vorte kalla til stilling som professor II ved Høgskulen i Volda. Ertesvåg er professor i pedagogikk ved Universitetet i Stavanger og kjem opphavleg frå Ulstein. Ertesvåg vil som professor II arbeide i 20 prosent stilling ved Høgskulen i Volda i to år frå 1. september 2017.

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET GIR RIS OG ROS TIL HØGSKULEN I VOLDA

Representantar frå styret ved Høgskulen i Volda møtte Kunnskapsdepartementet (KD) til etatstyringsmøte 5. mai 2017. Dei som deltok på møtet frå Høgskulen i Volda vurderte det slik at det var eit godt og konstruktivt møte. Kunnskapsdepartementet har no sendt si tilbakemelding etter møtet, og det ser ut til at KD og HVO har nokså like oppfatningar av sterke og svake sider ved Høgskulen. KD skriv blant anna: "Målstrukturen har tydelige mål og prioriteringar, styringsparametere og tiltak. Høgskolen er også åpen – både om styrker og fordeler og om svakheter og utfordringer. Dette er tillitsvekkende."

På denne nettsida ligg tilbakemeldinga frå Kunnskapsdepartementet i lag med andre sentrale styringsdokument som gjeld Høgskulen i Volda:

<http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/styre-og-leiing/styringsdokument>

FØRSTE PROFESSORSTIPENDIAT I MÅL

Knut-Willy Sæther er den første HVO-tilsette som har vorte professor ved Høgskulen i Volda gjennom ordninga med professor/dosent-stipend. Sæther tok til som professorstipendiat i 2014 og fekk tidlegare i år tilkjent professorkompetanse i religion og livssyn etter at han søkte på ei stilling ved ein ekstern institusjon.

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5866&module=news>

TILSETTING AV NY HØGSKULEDIREKTØR

Ny høgskuledirektør vil bli tilsett i omframst styremøte 15. juni.

KOMANDE HENDINGAR - VIKTIGE DATOAR:

12.juni 2017: [Felles sommaravslutning for HVO-tilsette](#)

13.juni 2017: [Seminar i om spesialundervisning \(Speed\)](#)

20.-21. juni 2017: [Fjordkonferansen \(Loen\)](#)

3.juli 2017: [Forkurs i matematikk for studantar på Grunnskulelærarutdanning](#)

15. august 2017: [Studiestart, skuleåret 2017-2018](#)